



Stormark Båttforening v/ Walter Berg
5947 FEDJE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/373 - 23/4128

Sakshandsamar:
Pål-Eirik Holgersen
pal-eirik.holgersen@fedje.kommune.no

Dato:
03.08.2023

Løyve-vedtak etter hamne og farvasslova

Løyve- Vedtak etter Hamne- og farvasslova til utlegging av gangbru og flytebrygge i Æskjer fiskerihamn, Fedje kommune.

Visar til innsendt søknad 02.05.2018 som vart handsama av Kystverket der det vart gjeve mellombels løyve, og ny søknad om forlenging. Fedje kommunen ved Teknisk etat har no overteke ansvaret for dette området og skal handsame søknaden etter Hamne- og farvasslova § 14 første ledd.

Flytebrygga og gangbrua ligg utanfor det som er satt som farleiareal, men Æskjer har ei hamn som har vore nytta til fiskerihamn.

Kommunen visar til vedtak frå Kystverket 04.07.2018 med saksnummer 2018/1413-7.

Her har tiltaket vorte grundig vurdert, og kommunen kan ikkje sjå at tiltaket skal ha innverknad på ålmenta si bruk av området eller andre som nyttar området. Det er kun små fiskebåtar som kan koma inn til hamna grunna djupn på 1,2 til 1,5 meter.

I vurderinga av om løyve skal gjevast, skal det leggjast vekt på hamne- og farvasslova sitt formål som går fram av §1:

"Loven skal fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv.

Loven skal ivareta nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser."

Tiltaket vil ikkje koma i strid med føremålet med lova.

VEDTAK

Kommunen gjev løyve til flytebrygge og gangbru som omsøkt med forskyvd plassering to meter aust i trå med vilkår i tidlegare løyve frå Kystverket, med heimel i Hamne og farvasslova § 14.

Vilkår som vert vidareført er :

- 1) Flytebrygga og fortøyingane må ikkje hindre tilkomst og bruk av allmenningsskaien.

Grunngjeving: Ferdsl- og sikkerheitsmessige omsyn.

- 2) Det må sytast for at tiltaket til ei kvar tid er forsvarleg vedlikehaldet.
Grunngjeving: Ferdsl- og sikkerheitsmessige omsyn.

Med helsing

Pål-Eirik Holgersen
Fagleiar teknisk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stormark Båtforening v/ Walter
Berg

5947

FEDJE